



Hammar - kameratane A/S  
Hella 60  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/1331 - 18/4877

Saksbehandlar:  
Katrine Bjordal Midttun  
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:  
27.03.2018

## Byggesak Gbnr 43/3,94,135,79,81,143,4 Toska - naust- eitt-trinns søknad- godkjenning

Delegasjonssak nr.: 074/2018

**Administrativt vedtak. Saknr: 074/2018**

**Tiltakshavar:** Richard Tangen (kontaktperson for tiltakshavarar)  
**Ansvarleg søkjar:** Hammar-Kameratane AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 8 naust, parkeringsplassar og veg. Det er opplyst at kvart naust får ein storleik med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 40 m<sup>2</sup>. Tiltaket er opplyst å ha ei høgde på 5 meter og skal oppførast i ein etasje med loft utan målbart areal. Ansvarleg søkjar har opplyst at tiltaket vert utført i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Det vert elles vist til søknad motteke 14.03.2018.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 14.03.2018 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Skårnesvika er definert som nausteområde. Tiltaket er såleis i tråd med plan.

#### Dispensasjon

Tiltaket synes ikkje å kreve dispensasjon.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo. Ansvarleg søker opplyser at rekommanderte nabovarsel sendt til Siren Klimek og Andre Klimek Mjåtveit er komen i retur grunna manglande henting.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplan viser plassering. Det er ikkje søkt om terrengendingar, bygningstyresmakta i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengendingar.

## **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Nausta får tilgang til felles gjesteparkering, jf. reguleringsplan pkt. 3.1.1.» *Området SPA er felles gjesteparkeringsplass for område BUN og BBS*».

Ansvarleg søker opplyser at det vert tatt utgangspunkt i 3 parkeringsplasser, der 1 av dei er parkering for rørslehemma, totalt ein storleik på 63 m<sup>2</sup>. Parkeringsarealet er større enn dette, men areal til snuplass er også medrekna.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

## **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10), jf. pbl. § 29-5.

## **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

## **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Hammar- Kameratane** org.nr. **983091539**, har erklært ansvarsrett som ansvarleg søker (**SØK**).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hammar- Kameratane**, org.nr. **983091539**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterende (**PRO**) arkitekturprosjektering.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ove Toska**, org.nr. **969473879**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet prosjektering (**PRO**) prosjektering av veg, utearealer og landskapsutforming.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ove Toska**, org nr. **969473879**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet prosjektering (**PRO**) prosjektering av mur og støypearbeid inkl. radon.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vest Oppmåling AS**, org. nr. **987321679**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterende (PRO) prosjektering stikningsdata.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Hammar -Kameratane**, org.nr. **983091539**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (**UTF**) utføring tømrararbeid.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ove Toska**, org. nr. **969473879**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde utførande (**UTF**) utføring veg og grunnarbeid.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ove Toska**, org. nr. **969473879**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde utførande (**UTF**) utføring mur og støypearbeid inkl. radon.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Vest Oppmåling AS**, org. nr. **987321679**, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde utførande (**UTF**) utføring utstikking av tiltak innmåling.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
<b>SØK</b>	Hammar-Kameratane	983091539	S	1	Ansvarleg søker
<b>PRO</b>	Hammar-Kameratane	983091539	S	1	Prosjektering arkitekturprosjektering
<b>PRO</b>	Ove Toska	969473879	-	1	Prosjektering av veg, utearealer og landskapsutforming
<b>PRO</b>	Ove Toska	969473879	-	1	Prosjektering mur og støypearbeider
<b>PRO</b>	Vest Oppmåling AS	987321679	S	1	Prosjektering stikningsdata

<b>UTF</b>	Hammar-Kameratane	983091539	S	1	Utføring tømrararbeid
<b>UTF</b>	Ove Toska	969473879	-	1	Utføring veg og grunnarbeid
<b>UTF</b>	Ove Toska	969473879	-	1	Utføring mur og støypearbeid inkl. radon
<b>UTF</b>	Vest Oppmåling AS	987321679	S	1	Utføring utstikking av tiltak. innmåling

\*S = Sentral godkjenning,

## VURDERING

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det GODKJENT løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av 8 naust, parkeringsplassar og veg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.03.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Tiltaket gjeld berre naust, ikkje flytebrygge og kai.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Ansvarleg søkjar er ansvarleg for at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
4. Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket må følgjande ligge føre:
  1. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
  2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.5. Basisgebyr for fellesbygg Kr. 6700,- x 5 =kr. 33 500,-

Basisgebyr for fellesbygg 50%

Kr. 3 350 x 3 = kr. 10 050,-

**Sum totalt:**

**Kr. 43 550,-**

Gebyr pr. eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå og med eining nr. 1 til og med nr. 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr. 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr. 11. Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/ tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/1331

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Richard Tangen	Toskavegen 591	5936	MANGER
----------------	----------------	------	--------

**Mottakere:**

Hammar - kameratane A/S	Hella 60	5936	MANGER
-------------------------	----------	------	--------